

## Rekordlite nedbør i oktober så langt.

26.10.2016



Dønhaughølen i dag, onsdag 26. oktober.

**Ein tur langs elva i dag syner lite vatn. Ja, det er truleg den minste vassføringa i manns minne. Kurt Haugland med målestasjonen sin i Korsneset kan stadfesta at det er den turraste oktober som nokon gong har vore i Uskedalen. Det er berre registrert 7 mm nedbør frå 01. oktober og til i dag, onsdag 26. oktober.**

Vi skriv ofte om mykje nedbør, flaum og store elvar. Det er sjeldan fokus på turre bekker og lita elv. Om du går langs elva i Uskedalen i dag, før regnet kjem for fullt, vil du sjå eit elvefar vi knapt har sett før. Mykje stein og svaberg kjem fram. Det er ikkje snøsmelting i fjellet og tilsiget av vatn i Eikeelva er minimalt. Abonnentane til Uskedal Vassverk er oppmoda til sparing på forbruket. Det er varsla verskifte i dag med til dels store nedbørsmengder. Det er berre å vona at ververslinga held det ein lovar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedalelva ved Myklebust/Døsmland med svært lita vassføring.